



Arkivsak

26/12036-1

Sakshandsamar

Mats Rydningen

Saksgang

Fylkestinget

Møtedato

18.06.2026

Finansiering av ledemur på Ulefoss sluse

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Telemarkskanalen FKF får fullmakt til å inngå kontrakt for rehabilitering av ledemuren ved Ulefoss sluse.
2. Låneopptak godkjennast på inntil 20,0 mill. kr (ekskludert mva), inkludert usikkerheitsavsetning, jamfør kommunelova § 14-14.
3. Arbeidet skal gjennomførast hausten/vinteren 2026, i tråd med omsyn til drift og trafikk i kanalen.

Bakgrunn og saksgang

Telemarkskanalen FKF har avdekt eit vesentleg vedlikehaldsbehov ved ledemuren oppstrøms Ulefoss sluse. Tekniske undersøkingar dei siste åra har dokumentert aukande skadeomfang og behov for tiltak. Det er gjennomført anskaffing med atterhald om finansiering.

Styret handsama saka endeleg i ekstraordinært styremøte 8. juni og fatta vedtak om låneopptak på inntil 20,0 mill. kr (ekskludert mva) inkludert sikkerheitsavsetjing på 25 prosent. Saka vert lagt fram for fylkestinget som gjer endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

Saka har vore handsama fleire gonger i styret, både som informasjonssak etter 01.09.2025 (sak 02/26) og tidlegare under førre dagleg leiar, mellom anna i styremøte 31.03.2025 (sak 12/25). Styret er også orientert gjennom tilstandsvurderinga «Telemarkskanalen – kartlegging brygger og ledemurar» frå Norconsult, og har gjennomført synfaring av anlegget.

Leiemur oppstraums på Ulefoss er om lag 100 meter lang og styrer båttrafikk og vassføring i kanalen. Han er truleg bygd på slutten av 1800-talet og er eit kulturhistorisk anlegg.

Målingar viser ei samla utgliding på nær 20 cm berre sidan 2022, og undersøkingar stadfestar ein kritisk tilstand med risiko for brot eller utrasing. Ei slik utvikling kan hindre framkome i kanalen, særleg for større fartøy.

Det er gjennomført fleire undersøkingar både over og under vatn, men grunnforholda under vasstanden kan ikkje fastslåast endeleg før arbeid med rehabilitering vert sett i gang. Rehabiliteringa må gjennomførast i tråd med krav frå kulturminnemyndighetene.

Prosjektutgiftene er estimerte til 25 mill. kr, inkludert usikkerheitsavsetning på 25 prosent og meirverdiavgift. Sidan ein stor del av meirverdiavgifta vert kompensert og inngår i finansieringa, er det venta at lånebehovet for Telemarkskanalen FKF vil vere om lag 20,0 mill. kr.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Tiltaket krev låneopptak på inntil 20,0 mill. kr inkludert usikkerheitsavsetning på 25 prosent og ekskludert meirverdiavgift. Alternativt kan fylkestinget løyve eit ekstra driftstilskot med finansiering frå disposisjonsfondet.

Prosjektet må gjennomførast i samsvar med regelverket for offentlege anskaffingar og gjeldande krav frå kulturminnemyndigheitene. Administrativt vil det krevje ordinær prosjektoppfølgning frå Telemarkskanalen FKF.

Gjennomføring i 2026 vert vurdert som økonomisk gunstig, samstundes som prosjektet er knytt til noko risiko grunna usikre grunnforhold.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Tiltaket bidreg til å bevare eksisterande infrastruktur og kulturminne. Gjennomføring utanfor høgsesong reduserer negative verknader for bruk av kanalen.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at tiltaket hastar dersom ein skal bevare ledemuren og unngå risiko for utrasing. Ei utsetjing vil kunne føre til:

- auka teknisk risiko og mogleg skade på anlegget
- trugsmål mot trygg ferdsel i kanalen
- mogleg stenging for større fartøy
- vesentleg høgare utgifter ved seinare gjennomføring

Det er lagt til grunn at prisnivået i marknaden no er gunstig, og at utsetjing til 2027 kan medføre betydeleg høgare utgifter og behov for ny anskaffingsprosess.

Auka finansutgifter for Telemarkskanalen FKF som følgje av låneopptaket, vert føreslått handtert i rapport for 2. tertial og i handlings- og økonomiplanen for 2027–2030.

Vedlegg:

2026 - E.O styremøte 2 TK. Møteprotokoll. 08.06.2026